

Lokal rammeplan for barnehagane i



Vanylven kommune

I Vanylven kommune
skal barn og unge vekse opp i tryggleik og trivsel.
Med tid og omsorg skal dei ta til seg kunnskap,
lære om livet og verte gode medmenneske.

God barndom i generasjonar!

Innhaldsliste

Innleiing	3
Barnehagane i Vanylven	4
Vaksenrolla	5
Barn og barndom	7
Inkluderande barnehagemiljø	8
Livsmeistring og helse	10
Språk og kommunikasjon	11
Berekraftig utvikling	12
Demokrati og medborgarskap	12
Samarbeid og samanhengar	13
Fagområda og kva som er unikt for Vanylven	14



Innleiing

Lokal rammeplan for barnehagane i Vanylven kommune er utarbeida av dei tre barnehagane i kommunen. Alle tilsette var involverte i prosessen og planen er ført i pennen av styrarane.

Planen tek utgangspunkt i Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet 2017).

Rammeplan for barnehagen gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat.

Barnehagen sitt innhald bygg på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning er sentrale bitar. Samarbeidet med barna sin heim ligg til grunn for verksemda.

Sosial og språkleg kompetanse og dei sju fagområda er viktige delar av barnehagen sitt miljø for læring. Medverknad er eit viktig prinsipp. Barn skal få høve til å påverke eigen kvardag og eigne val.

Styringsverktøy

- ▶ FNs barnekonvensjon <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/barnekonvensjonen/>
- ▶ Barnehagelova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehageloven>
- ▶ Rammeplanen <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- ▶ Årsplan utarbeida i den einskilde barnehage
- ▶ Stortingsmelding 19. «Tid for leik og læring». <https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm201520160019000dddpdfs.pdf>
 - ▶ Plan for tidleg innsats Vanylven kommune
 - ▶ Plan for barn og unge i Vanylven kommune


I Vanylven kommune ynskjer vi, i tråd med nasjonale målsettingar, å jobbe for å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagane, der alle barn får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Modellen under viser alle delar ein barnhagekvardag skal bestå av. I Vanylvsbarnehagane kjem vi til å ha særskilt fokus på kvaliteten på vaksenrolla og gode relasjoner.



Barnehagane i Vanylven

Åheim barnehage

Kommunal to-avdelings barnehage.



Kontaktinfo:

Tlf: 700 30320

Styrar:

Tove Ekremsæter

Mob. 91719006

tove.ekremsater@vanylven.kommune.no

Kontaktinfo:

Tlf: 700 20170

www.solsikka.no

Styrar:

Marta Bøstrand

Mob. 99629124

marta@solsikka.no

Solsikka barnehage - Fiskå.

Privat barnehage med fire baser.



Syvde barnehage

Kommunal to avdelings barnehage



Kontaktinfo:

Tlf: 700 30340

Styrar:

Marit Løvoll Sørdal

Mob. 95177579

marit.sordal@vanylven.kommune.no

Vaksenrolla

Dei vaksne er barnehagen sin viktigaste ressurs.

Kvaliteten på vaksenrolla er heilt avgjerande for kvaliteten i barnehagen!

Dei vaksne har ansvar for å skape eit klima for tryggleik, omsorg, humor- og glede, respekt og samhald.

Barnehagebarn i Vanylven møter personale med god kompetanse på gode og nære relasjoner. Dei møter reflekterte vaksne som veit kva det vil seie å vere ein god rollemodell og som viser omsorg og set ord på omsorgshandlingar og rettleiar barna i dette. Omsorgsfulle vaksne gjev omsorgsfulle barn. Barn som opplever å få omsorg, lærer å gi omsorg vidare til seg sjølv og andre. Barn lærer samhandling gjennom korleis dei vaksne sjølv samhandlar. Personalet ser kvart enkelt barn og gir dei tru på seg sjølv, samt set kjærlege og tydelege grenser og har alltid eit fang. Barn skal oppleve vaksne som er varme, men tydelege (Autoritativ vaksenstil).

Dei vaksne i barnehagane i Vanylven:

- er tilgjengelige, varme og nære, og er engasjert i barna si verd.
- gjev barna tydelege og føreseielege rammer og grenser i kvardagen -dette gjev barna tryggleik
- ser barna og er lyttande og sensitive for borna sine uttrykk
- møter barna med anerkjenning og respekt
- er til stades i leik og aktivitet, både emosjonelt, fysisk og mentalt
- gjev tid og rom for den gode leiken og hjelper barn som treng det inn i leik
- legg til rette for at alle utviklar gode vennskap – alle skal oppleve å ha ein venn
- legg til rette det fysiske miljøet og stimulere til inkluderande og trygg leik for alle
- har fokus på humor, glede og begeistring i leik og aktivitet i kvardagen
- deler barna sine gleder ved å forsterke dei positive kjenslene
- hjelper barnet til å forstå eigne og andre sine kjensler
- aksepterer og anerkjenner alle typer kjensler
- hjelper barna til å regulere negative kjensler
- er roleg og trygg overfor barna
- oppmuntrar barna til få til noko dei ynskjer
- støtter barna i å tolke å ikkje lykkast med ein gong, utan å miste motet
- støtter barna i å handtere utfordringar og motgang
- gjev barna tru på eiga læring
- gjev barna meistringskjensle
- møter barn si undring på ein utforskande måte

Dei vaksne må ha NÆRVÆRSKVALITET!

Det trengs ei heil kommune for å oppdra eit barn!



Vi nyttar «tryggleik-sirkelen» og «reperasjons-sirkelen» som verktøy.

Barn og ungdom i Vanylven skal alltid finne ei **trygg base og sikker hamn** i dei vaksne rundt seg.

TRYGGLIKS-SIRKELEN

© Cooper, Hoffmann, Marvin & Powell 1999

Omsorg med fokus på barns behov

- Beskytt meg
- Trøst meg
- vis godhet for meg
- organiser følelsane mine

Eg treng at du

Eg treng at du

- Passer på meg
- Frydar deg over meg
- Hjelper meg når eg treng det
- Har det gøy med meg

Støtt utforskinga mi

Eg treng at du

Eg treng at du

Alltid: ver større, sterkare, klokare og god. Så sant det er mulig: følg barne sitt behov. Når det er nødvendig: ta leiinga!



Ta imot meg når eg søker deg



REPERASJONSSIRKELEN


Hjelper barnet å stole på at vårt trygge forhold (nesten) alltid gjer at alt blir bra igjen

Til min omsorgsperson; Når eg vert vanskeleg (frukstrert, krevande, opprørt, ute av kontroll):

Min adferd betyr eigentleg at eg treng at du:

- Tek styring
- Er god mot meg
- Trøystar/roar meg
- Blir med meg heilt til vi begge forstår denne følelsen som verkar stor for meg åleine
- Hjelpe meg til å vende tilbake til det eg held på med, frå eit nytt ståstad

Eg veit ikkje korleis eg skal handtere følelsane mine akkurat no



© Cooper, Hoffmann, Marvin & Powell 2000



Barn og barndom

Å gi barn ein god barndom er hovudmålet til alle rundt barnet. Barnehagen er ein stor del av barnet sitt liv, difor vert dette også barnehagen sitt mål. Innhaldet i ein god barndom er definert i verset nedom:

DEN GODE BARNDOM

Ein god barndom er gode vene og tid til leik

Ein god barndom er fylt av kjærleik og tryggleik

Ein god barndom er full av variasjon og utfordringar

Ein god barndom er rik på opplevingar, glede og humor

Ein god barndom gjev barnet oppleving av å vere betydningsfull og akseptert

Ein god barndom er fridom til å utforske og tid til å bearbeide opplevingar og kjensler

Ein god barndom er møte med vaksne som har glede av å gå inn i samspel med barnet

Ein god barndom gjev barnet tru på seg sjølv, framtida og medmenneska sine

Ein god barndom er ein barndom der gledene og sorgene til barnet vert tekne på alvor


Ein god barndom er ein barndom der barnet opplever positiv stadfesting

på eiga undring og alle spørsmål

Barndommen er ei livsfase som ikkje kan framskundast eller takast igjen.

Barndommen har eigenverdi.

Den må få si tid!



Inkluderande barnehagemiljø

Alle barn skal oppleve eit inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø.

I Vanylven skal alle barn ha trygge og gode barnehagemiljø, utan mobbing og krenking. Både heimen og barnehagen har eit stort ansvar.

Alle barn skal føle seg verdifulle og kjenne at dei betyr noko i fellesskapet. Alle skal føle seg trygge, trivast og ha god psykisk helse. Dette er dei vaksne sitt ansvar!

Alle som arbeider i barnehage har plikt til gripe inn dersom barn ikkje har eit godt psykososialt barnehagemiljø (Jf. §§ 41 og 42 i barnehagelova). For tida er barnehagane og skulane i Vanylven med på eit IBSM prosjekt «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» i regi av Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Vennskap er den sterkeste førebyggande faktoren mot mobbing og utanforskap. Vennskap skaper tryggleik og trivsel. Alle skal oppleve å ha ein venn! Dette gjev grunnlag for ein god barndom og eit godt vaksenliv.

Forsking viser at barn sine evner til å etablere vennskap i stor grad heng saman med barnet si sosiale kompetanse. Å utvikle sosial kompetanse er vesentleg for å kunne kommunisere og samhandle med andre. Eit barn som samhandlar godt, kan både tilpasse seg fellesskapet og vere ein synleg deltagar som hevdar sin plass. Barn prøvar ut ulik åtferd for å forstå korleis dei skal passe inn i si sosiale verd. Slik utprøving er ein del av ei naturleg utvikling, men kompetente vaksne må vere tilstadeverande og rettleie, korrigere og reflektere ilag med barna.

I barnehagane i Vanylven anerkjenner vi leiken sin eigenverdi og gjev den ein sentral plass i kvardagen. Eit godt og positivt læringsmiljø med mykje leik, humor og glede gjev barna ein god barndom og eit godt grunnlag for livslang læring. Å ha fokus på leiken i barnehagekvardagen er noko av det viktigaste vi kan gjøre! Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barna skal trivast og oppleve barnehagen som ein god stad å vere. Barna i Vanylven skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike. Gjennom leiken skal barna få utforske, lære og meistre. Vi lærer best ved utprøving og praktisk utøving/handling (jf det kinesiske ordtaket). Dei vaksne må stimulere og gje dei erfaringar og la barna bruke heile kroppen, med alle evner og sansar i desse læreprosessane. Leiken er sentral i den gode barndommen og er den viktigaste arenaen for læring og utvikling. Jf. Plakat på neste side.

Det ein høyrer, gløymer ein.

Det ein ser, hugsar ein.

Det ein gjer, forstår ein.

(kinesisk ordtak)





Å samarbeide



Å lytte til andre



Identitetsskapande

Å prøve ut ulike roller

Få bruke fantasien sin

Å forstå samfunnet rundt seg

Å vente på tur, turtaking

Å bearbeide følelsar

Å øve på kvardagsaktivitetar

Å forstå verda

Respektere kvarandre

Å uttrykke seg på
ulike måtar

Å gi omsorg til andre

Å tenke

Å kjenne på
meistringsfølelse

Reglar og normer

Vere tolmodig

Å dele

barna..

Å utvikle språk

Sette grenser

Gjenkjenne følelsar

Å knytte vennskap

Samspel barn-barn, barn-voksen

Sosialisering

Samhald

Å ta initiativ

Å forhalde seg til eigne og andre sine grenser

Bruke kroppen sin fin og grovmotorisk

Sjølvregulering Vere ein del av fellesskapet Sjølvkjensle Vere nysgjerrig

Øve konfliktløysing og forhandling

Oppleve motgang og tap

Kommunikasjon

Humor og glede

Bli utfordra



Livsmeistring og helse

Livsmeistring og helse handlar om både fysisk og psykisk helse. Personalet har fokus på kva barna treng for å meistre livet sitt, både her- og no, og som vaksne. Modellen til Arne Holte viser dette på ein oversiktleg og grei måte.

Kommunen sitt overordna mål er å bygge eit robust fundament for livskompetanse og livsmeistring.

Langsiktig investering i barn og unge sitt oppvekstmiljø verkar positivt både for folkehelse, livskvalitet, og berekraftig samfunnsutvikling.

Alle tiltak for barn skal vere til barnet sitt beste, og til tidlegare ein set i gang tiltak, jo betre blir resultatet.

Barn trenger vaksne som ser, forstår, kan, og handlar rett. (Jf. Plan for barn og unge)


**La meg vekse som eg er
og prøv å forstå kvifor
eg vil vekse
som meg sjølv.

Ikkje som mamma
ynskjer eg skal vere
eller som pappa

håper eg skal vere
eller som læraren min

synes eg skal vere.

Kjære prøv å forstå
og hjelp meg å vekse
netttopp som meg sjølv**



(Sju kilder til psykisk helse Arne Holte, prof.)



Språk og kommunikasjon

Å utvikle eit språk er noko av det mest betydningsfulle som skjer i eit barn sitt liv! Alle barn må lære seg morsmålet, som er hjartespråket der barn kan uttrykke kjensler og opplevingar.


I barnehagane skal alle barna få varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og førelsas. Språket er eit reiskap for samarbeid og læring, og er ein føresetnad for å kunne lære å lese og skrive.

Barn kommuniserer også via det nonverbale språket, t.d. kroppshaldning, mimikk og kjenslemessige uttrykk. Dette gjeld særleg dei minste barna som enno ikkje har lært det verbale språket. For barn som har eit begrensa verbalspråk bruker personalet visuell støtte, teikn-til-tale eller andre supplerande kommunikasjonsformer.

Barna skal få ei best mogeleg tilrettelagt og tilpassa språkutvikling i barnehagen.

Språkstimulering skal prege alt samspel vi har med barna.

Språkleg kompetanse omfattar 8 områder:



Vi er systematisk og nyttar:

- alle høve til å «språkdrukne» barna
- nynorske tekstar, kvardagsspråk og dialekt i størst mogleg grad i kvarldagen
- alle høve til å lese bøker og folkeeventyr
- mykje song, musikk, rytme, rim og reglar i kvarldagen
- Dikting og historieforteljing
- «Tunkatten» og lokale forfattarar
- Regelleikar og songleikar
- Dramatisering og rollespel
- Leik og sosialt samspel i språkutviklinga
- Digitale hjelpemiddel
- Pedagogiske verktøy der det er behov. T.d. Ask (alternativ og supplerande kommunikasjon) og TRAS (tidleg registrering av språk – modellen over er tatt utgangspunkt i TRAS).

Vanylven kommune tek del i ei regional kompetanseheving innan språk og kommunikasjon i regi fylkesmannen i Møre og Romsdal. Høgskulen i Volda skal bidra med forskingsbasert og praksisretta innhald i denne kompetanseutviklinga.



Berekraftig utvikling

Visjonen til Vanylven kommune seier at «*Vanylven kommune skal vere blant Noregs fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling....»* («Arbeidsgjevarstrategi mot 2020»).

Vi som jobbar i barnehagane i Vanylven er gode og bevisste rollemodellar. Barna er framtida, og vi ynskjer at dei tek gode miljøval for seg sjølve og samfunnet vi lever i. Vi dannar gode haldningar i barna, med ynskje om å bevare det gode vi har, og ikkje overforbruke/tyne og forureine jordkloda vår.

Vi vil at barn i Vanylven skal bli glad i naturen rundt oss og vi vil bidra til å skape positive haldningar til det å ta vare på naturen vår. Barnehagane brukar difor naturen aktivt i kvardagen, slik at barna skal få positive erfaringar og bli glade i nærområdet sitt.

Vi undrar oss ilag med barna om det som skjer med naturen, både gjennom årstider og samanhengar i naturen, men også at vi er avhengige av naturen gjennom næringskjeda. Å dyrke ilag med barna gir barna kjennskap og erfaring i korleis matproduksjonen skjer og som er eit viktig ledd i det å sjå naturen som nyttig for oss menneske.

Vi brukar naturen rundt oss i stor grad og tek såleis med oss det berekraftige perspektivet inn både i høve til å plukke søppel, kjeldesortere, vere med på å redusere matsvinn og nøkternt forbruk. Samfunnet i dag er blitt meir og meir bruk og kast, så dette er viktig å ha fokus på.

Å kunne dele på godane og at ikkje alle treng å ha alt er ein viktig lærdom for framtida. Å bruke og ta vare på det vi har, vise takksemld ser vi på som ei berekraftig haldning som er viktig å gi barna. Barna er framtida vår!

Demokrati og medborgarskap

Ytringsfridomen står sterkt i Norge, og barnehagane i Vanylven skal også vere ein arena der barn får lov å ytre seg og kome med sine meningar og synspunkt.

Barn må oppleve at det er ulikt syn på ei sak. Diskusjonar og meiningsutvekslingar er ein del av det å vere menneske i eit demokrati. Barna får øve på konfliktløysing i kvardagen, der vi vaksne støttar og rettleiar. Det handlar ikkje om å ha rett eller bestemme, men om å få gje uttrykk for sine meningar og bli møtt med anerkjenning, likeverd og respekt. Dei vaksne framsnakkar kvart barn i fellesskapet og ser til at dei får medverke i eit inkluderande miljø. Bevisste vaksne tek alle barn på alvor, ser og lyttar til barna sine perspektiv og uttrykk, både verbalt og nonverbalt. Barnet si stemme er viktig. Dei skal erfare at dei har medverknad i kvardagen, sett i høve til alder og modning.

For å få eit inkluderande fellesskap må vi snakke om mangfold og ulikskap. Vi er ulike, har ulike måtar å vere på, tenkje på, handle og leve på, men alle er like viktige og verdifulle. Vaksne må reflektere ilag med barne på ulike måtar å vere på og kva det har å seie for fellesskapet. Dette er viktig læring for seinare i livet og ein del av ein livslang danningsprosess.

Barna skal lære korleis samfunnet og nærmiljøet vårt fungerer. Dei må erfare demokratiske prosessar som gjer dei rusta til å fungere i det komplekse samfunnet dei skal vere ein del av i framtida.

Samarbeid og samanhengar

Gjennom FN sin konvensjon om barn sine rettar, Rammeplan for barnehagen og Opplæringslova kjem det klart fram at det er foreldra som har hovudansvar for barnet si omsorg og utvikling. Dei kommunale tenestene i Vanylven skal leggast til rette slik at foreldre har best mogelege vilkår for å ivareta denne oppgåva. Barn skal oppleve eit trygt og godt lærings- og oppvekstmiljø, der trygge og føreseielege tilhøve på alle nivå er avgjerande. Vi ynskjer at barn skal oppleve ein heilskap der alle instansar samarbeider godt og heile Vanylven kommune bidreg. Det er viktig at dei hjelpeinstansane i Vanylven som møter barna koordinerer og tilpassar tiltaka til det enkelte barn best mogeleg.

Alle barn og unge i Vanylven skal ha same høve til å utvikle evnene sine. For å lukkast må foreldre, tilsette i skule og barnehage og andre tenesteytarar, arbeide aktivt for at kvart enkelt barn/elev får gode erfaringar med å meistre kvardagen. Familie- og Læringssenteret (FLS) i kommunen sikrar tett oppfølging og tverrfagleg samarbeid for dei som har behov for støtte/hjelp til dette.

Barnehagen i Vanylven er forplikta til eit tett samarbeid med føresette til beste for barnet. Foreldre og føresette er våre viktigaste samarbeidspartnerar. Dei utgjer ein vesentleg ressurs i alle våre verksemder/einingar.

Barnehagane i Vanylven har stort fokus på overgangar, då dette kan vere kritiske fasar i livet. Å starte i barnehage er ein stor overgang i livet til eit barn. Det er viktig å gi barnet ei trygg og god tilvenning i nært samarbeid med foreldra. Tryggleik er ein føresetnad for vidare utvikling og læring. Det er viktig å skape tryggleik også i andre overgangar i barnehagetida, til dømes flytting mellom avdelingar og når nye barn startar.

Overgang frå barnehage til skule avheng også av godt samarbeid mellom dei to institusjonane og heimen. Profesjonell dialog mellom barnehagelærar og læraren i skule er ein føresetnad for god tilrettelegging og trygg skulestart. Vi har rutinar og overgangsplanar for å sikre dette.

Alle rundt barnet er med å påverke og legge grunnlaget for ein god samanheng og eit godt liv (jf. Modell).

Å få delta i barn sitt liv, og få vere med å stimulere barnet, slik at det utviklar seg og vert eit dugande menneske, er eit ærefullt oppdrag!



Fagområda og kva som er unikt for Vanylven

Dei sju fagområda i rammeplanen skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagekvardagen. Gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar får barna erfaringar og kunnskap innanfor dei ulike fagområda (jf. modell under).


Når ein jobbar med eit tema i barnehagen innvolverar ein fleire av fagområda samtidig, og ein knyter dei til naturlege situasjonar i høve leik, kvardagsaktivitetar og tradisjonar.



Vanylven er ei naturperle og består av fleire bygder. Dei større bygdene er Rovde, Syvde, Eidså, Åram, Fiskå, Syltefjord og Åheim.

I Vanylven har vi mykje unikt i nærområdet. Det er viktig at barna får god kjennskap til heimplassen og kommunen sin. Det skaper tryggleik og tilhørighet, som er viktig for å utvikle identitet.

Vi har under teke utgangspunkt i ting som vi tenkjer er særmerkt med Vanylven, og som barnehagane kan og bør nytte seg av i høve fagområda og innhaldet i rammeplanen.



Kyrkjer i Vanylven:

*St. Jetmund kyrkje.

Gamal og ærverdig steinkyrkje, og den mest særmerkte kyrkja i Vanylven. Truleg bygd kring 1150, riven i 1863, og gjenoppbygd i 1957.

*Vanylven kyrkje -bygd i 1863

*Syvde Kyrkje - bygd i 1837

*Åram kyrkje –bygd i 1927

*Rovde kyrkje –verneverdig -bygd i 1872

Kart over den flotte kommunen vår med bhg avmerka

(Vi gjer merksam på at Vanylven kommune også har mykje fritids- og kulturtilbod som vi ikkje har teke med her).

Privat næringsliv:

*lokale butikkar

*lokale bedrifter

Verdt å besøke:

**Peridotpllassen*. I Sundalen, om lag 6 km frå Åheim sentrum, kan du prøve lukka som skattegravar. I grusen kan du finne flotte eksemplar av peridot, granatperidotite og eklogitt.

**Helgehornsvatnet* –Naturvernrområde! Plassen utmerkjer seg med den spesielle geologien som ein finn rundt vatnet. Området har ein av verdas største førekommstar av mineralet olivin, men er også rikt på andre minerala. Ein finn bl.a. den vakre granatperidotten her.

**Hakallegarden* –Sunnmøre sin gladaste opplevingsgard. Her får du møte mange ulike dyr og få nærbilkontakt med dei. Hakallestranda.

Turmål tilpassa barnehagebarn i bygdene våre:

Vi har ein fantastisk natur over alt i Vanylven, med fjell, fjøre og turområde som barnehagane nyttar i nærområda sine:

Åheim:

Prestegardsfjøra

Røvahammaren

Klungreholmen (her er gapahuk, grillplass og paviljong)

Trollskogen

Syvde:

Røfsdalsetra

Sørdalsvatnet

Gamle Kyrkjegarden

Bakkevegen

Fjøra i sentrum og ved Blomsterkjellaren

Tur i nærområdet i Kvia

Fiskå:

Tur til vassverket

Tunheimshornet (her er gapahuk og bålpanne)

Dalane

Tørla

Weibergskogen (her er gapahuk)

Fjøra ved Esberget, Låtra, Djuvika

Turveg til Brauta

Hakallestranda:

Sandviksanden

Elles er her også veldig mange fine turmål i kommunen, både grusvegar og stiar, men det er gjerne litt lengre turar. Sjå fleire av desse på www.morotur.no

Lokal litteratur vi kan og bør nytte:

* Maria Parr -barnebokførfattar frå Fiskå. Har gitt ut bl.a «Vaffelhjerte» «Tonje Glimmerdal»» Storebror».

*Inger Hagerup: Barndomsheimen ligg på Slagnes. Budde her i 1914-1924. Har gitt ut mange barnebøker og diktsamlinger Bl.a. «Så rart»

*Lars Almklov: diktar frå Åheim. Har gitt ut fleire diktsamlingar.

*Hilde Myklebust: forfattar oppvokst og busett i Syltedalen. Har gitt ut fleire barnebøker og diktsamlingar, bl.a. «Bjørkebokstavar» «Ylva og villgeitene» «Jon og den lange julenatt». Har også forfatta nynorske barnesongtekstar.

*Marie Lovise Widnes: Forfattar oppvokst i Syltedalen. Har gitt ut fleire diktsamlingar og cd med songtekstar «Så dilla du mi rompe»

Lokal kunst:

* Lundgården Galleri –Fiskå

*Kunstutstilling: Harald Osnes -Åheim.

* Kunstnarar: Aina Kragseth -Hakallestranda

* Kunstnarar: Asbjørn Lillebø –Fiskå

*Kunstnar Johan Aasen –Åheim/Slagnes

*Kunstnar Ansgar Leiten(d.1992) – Eidså.

(Eit av verka hans heng i kommunestyresalen).

Andre ting:

* Kulturskuletilbod i barnehagane

* Bibliotek i Syvde –felles teaterframsyning her kvart år.

* Gardsbesøk; potetplukking, sjå på ulike husdyr, sjå på mjølkeproduksjon etc.

* Olivinhallen: Fleir brukshall ved Åheim skule. Her finn ein også klatre/buldrevvegg.

* Basseng ved Åheim og Syvde skule. Til fri bruk for barnehagane + foreldrestyrt kveld/helg

* Fotballhall på Eidså

* Møteplassen brukthandel i Syvde

Museum/Samlingar:

*Valborgsamlinga –museum i Thue gamle skule på Åheim. Valborg Kroken samla gamle lokale bruksting, tekstilar, gardsreiskap, fiskereiskap m.m. Dei fleste tinga er frå ca. 1800-1900, den eldste tidesta gjenstanden er eit tinnfat frå 1690. Her er også innreidd eit skulerom slik det var tidlegare.

* Norsk Olivinsenter -har lokalar på Thue gamle skule på Åheim.

* Båtmuseum på Åram- her er samling av modellbåtar som har vore i drift på Sunnmøre.

* Ruiner frå 2 verdskrig på Åram- bunkerane som tyskarane bygde.

Offentlege tjenester ein kan besøkje/få besøk av:

* Politistasjon -Fiskå

* Tannlegekontor -Fiskå

* Legekontor -Fiskå

* Brannstasjon –på Fiskå

(felles besøksdag for alle barnehagane kvar vår)

* Brannstasjonen i Syvde

* Miljøstasjonen på Lisjeedet (Fiskå)

